

Frå «Noregs nest verste veg» til beste sambindingsveg mellom Nordfjord og Sunnfjord



Foto: Jorid Lothe.



Overordna visjon og hovudmål:


Fylkesveg 615 ligg midt mellom dei tre mest folkerike områda i nordre del av fylket; midtre Nordfjord, ytre Sunnfjord og midtre Sunnfjord, og vegselskapet Midtvegen 615 har ein visjon om ein ny og opprusta veg som vil knyte saman desse tre områda i fylket.

Midtvegen 615 skal primært vere ein samanbindingsveg mellom Nordfjord og Sunnfjord, og bidra til å skape eit større bu- og arbeidsområde, effektivisere transport og samferdsle og gi god tilknytning mellom næringane i desse regionane.

Midtvegen 615 har også eit kortsiktig mål om å få på plass utbetringar som sikrar reisande ein trygg og rassikker reiseveg, tilpassa større køyretøy og vere ein reell omkøyringsveg for E39.

Samandrag av hovudpunkt

- *Oppstart gang- og sykkelveg Sandane - Fitje*
- *Kortsiktige sikringstiltak i Hopsstranda*
- *Utbetre fleire flaskehalsar på fv. 615*
- *Arbeide for bompakke Vestland nord*
- *Kommunedelplan rv.5 - Sandane (saman med Kinn, Gloppen og Vestland fylkeskommune)*
- *Reguleringsplan flaskehals Sande*
- *Arbeide for å realisere kortaste veg mellom rv.5 og Sandane - alternativ B-D-H*



Ulike trasealternativ:

A-C-E = Dagens trase

B-D-H = Sandane – Florø/Førde ca. minus 20 km

Prioriteringliste strakstiltak

1. Kortsiktige sikringstiltak i Hopsstranda. F.eks rensk, sikringsnett eller anna sikringstiltak.(tunnel er einaste alternativ som permanent løysing)
2. Få utført fleire punkttiltak på parsellen Solvang – Hyen.

Prioriteringliste planarbeid

1. Utreie kostnad og potensialet for brukarfinansiering for alternativ B-D-H (sjå skisse på side 3) inkl. tunnel i Hopsstranda
2. Kommunedelplan rv.5/Storebru - Sandane saman med Kinn og Gloppen kommunar og Vestland fylkeskommune. Ta opp att initiativet til spleiselag som vi prøvde på i 2014.
3. Gjenta innspel til kommuneplan (sykkelveg Hope-Holme)
4. Reguleringsplan ny tunnel i Hopsstranda
5. Reguleringsplan 1. deletappe rv.5/Storebru - Sandane

Prioriteringliste skredsikring

1. Hopsstranda (prøver å få dette finansiert i same bompakken)
2. Forlenging av Gjølsvora
3. Kleppenes

Prioriteringliste gang- og sykkelveg

1. Sandane – Fitje
2. Hope – Holme
3. Fitje - Sande

Vedlikehaldstiltak

Midtvegen 615 skal i hovudsak arbeide for opprusting/ny fylkesveg 615, men kan ved behov stille seg bak og vere pådrivar for viktige

vedlikeholdstiltak langs fylkesveg 615. Dette vil bli handsama som enkeltsaker i styret.

Revisjon av strategiplan

Det er naturleg at styret vurderer ny revisjon av strategiplanen i etterkant av ny regional plan for areal og mobilitet.

Midtvegen 615 vil arbeide for å realisere måla i nær dialog med Gloppen og Kinn kommunar, som er dei to største aksjonærane.



Flyfoto over Fjord Base (nærast) og Florø sentrum (oppe til høgre) Fotograf: Arild Solberg

Næringslivet i Florø ekspanderer og framtidig omstilling frå oljerelatert verksemd til anna næringsaktivitet kan gje større behov for transporttenester på land. Midtvegen 615 arbeider for betre ferjefri kopling til E39 for transport via midtre Nordfjord.



Fotograf: Erik Ø. Gjengedal

Hyen er ei livskraftig bygd i Gloppen kommune. Ny skule i 2025. Brødrene Aa er hjørnesteinsverksemda, men Hyen Fisk og maskinentreprenør Torleiv Straume er også store verksemdar.



Fotograf: Ronny Solheim

Sandane er kommunesenteret i Gloppen kommune – ein av landets fremste kulturkommunar.

Kommunen har også eit variert næringsliv basert på tradisjonelle og moderne næringar som landbruk, industri, teknologi, fornybar energi og satsing på friluftsliv og turisme.

Kommunen er avhengig av gode og trygge vegar som grunnlag vidare utvikling av næringsliv og binde bygdene tettare på kommunesenteret med omsyn til helse og oppvekst.

Frå «Noregs nest verste veg» til beste sambindingsveg mellom Nordfjord og Sunnfjord



Foto: Jorid Lothe.





Styret si grunngjeving for å gå for alternativ B - D – H (kortaste veg mellom Sandane og rv. 5 (Florø – Naustdal – Førde)):

- ✓ Hyesamfunnet vil ha betre føresetnader for ei god utvikling dersom pendlaravstandane vert redusert både mot Sandane og mot byane og tettstadane i Sunnfjord.
- ✓ Å kople Nordfjordeid/Sandane tettare saman med Florø/Førde (dei 3 mest folkerike områda i Sogn og Fjordane) meiner vi må kallast ei regionforstørring.
- ✓ Stor avstandsreduksjon gir grunnlag for auka trafikk og dermed solid delfinansiering med brukarbetaling/bompengar/«eigenfinansiering».
- ✓ Å få einfeltstunnel med møteplassar i Hopsstranda finansierte i same bompakken er det mest realistiske finansieringsalternativet sidan Hopsstranda ligg i kategori låg skredfaktor (ikkje prioritert)
- ✓ Mykje av traseen vil ligge i tunnel og dette gjev trygg veg, god vinterveg og reduserte naturinngrep.
- ✓ Det vert mindre vegstengingar og lågare kostnader med trafikkregulering under byggefasen med stor del med ny veg.
- ✓ Næringslivet etterspør robust infrastruktur for sikker framkome og stabil drift. Den nye vegen vil svare ut dette.
- ✓ Den nye vegen vil vere ein god omkøyringsveg dersom E39, rv. 5 og/eller fv. 614 vert stengde